



Unnateke off.  
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.  
ledd nr. 1

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1751 - 16/1284

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

27.01.2016

## Søknad om fritak frå skulen

### Søknad om fritak frå skulen

Ungdomsklubbane i Radøy og Austreim er med i eit internasjonalt prosjekt saman med ein ungdomsklubb i Vestre Toten, ein skule i Portugal og ein speiderorganisasjon i Kroatia. Dei skal saman arrangera ei internasjonal utveksling i i Kroatia i april. 10 ungdommar frå Radøy og Austrheim skal delta i utvekslinga.

I august 2015 vart det publisert ein søknad som ungdom mellom 14-16 år kunne søke på. 10 deltakarar vart valde ut anonymt ut frå innhald i søknadene. Det vart lagt vekt på eit ynskje om å lære om andre kulturar, sjå og oppleva korleis andre ungdommer lever, samarbeid, deltaking og korleis ein kan bruke disse erfaringane i ettertid for seg sjølv og for andre.

Sigrid Aven Storheim født 16. august 2000 har fått tildelt ein plass på utvekslinga i Split, Kroatia 22. april- 2.mai 2016. Ho søker fri frå skulen til å delta på utvekslinga.

Sigrid reiser saman med ni andre ungdommar frå Radøy og Austrheim og to leiarar. Tilsaman deltar 35 ungdommar frå Norge, Portugal og Kroatia og sju leiarar. Ungdommane er mellom 14-17 år.

Tittelen på prosjektet er mingling, Pro activ. Målet med prosjektet er at ungdom skal få treffa andre ungdomar frå andre land med ulike bakgrunner og tradisjonar, og tileigna seg kunnskap om andre kulturar. Gjennom aktivitet og samhandling med andre ungdommar frå andre land vil ungdommen tileigna seg kunnskap, forståing og erfaringar dei kan bruka seinare i livet. Prosjektet er eit Aktiv ungdom-prosjekt, som har fokus på Learning By Doing-prinsippet der deltakarane vil tilegne seg kunnskap gjennom aktivitet. Metodane som vil

---

**Post**

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

verta brukt er workshop, teambuilding, dialog, og læra gjennom interaksjon med andre gjennom aktivitet knytt til viktige tema.

Det skal arrangerast ein internasjoal aften der alle landa skal presentera sitt land, sin kultur og sine tradisjonar. Her skal ungdommane vera sentrale i gjennomføringa og planlegginga.

Heile opplegget forgår på engelsk, noko som gjer at deltakarane verkeleg får brukt sine engelskkunnskapar under utvekslinga.

Eramsus + støttar prosjektet. De kan lese meir om denne organisasjonen på:

<http://www.aktivungdom.eu>

For spørsmål direkte knytt til utvekslinga kan de ta kontakt med  
Katarina Birkeland, ungdomskoordinator i Radøy  
Mob: 90696931

Håpar Sigrid får høve til å delta på utvekslinga. Foreldra har godkjent at ho kan reisa.

Med helsing

Katarina Birkeland  
ungdomskoordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*